



ETNE CONTAINERSERVICE AS
Nedre Austrheim 6
5590 ETNE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Espeset, 5557 2141

Rapport frå inspeksjon ved Etne Containerservice AS Kontrollnummer: 2020.346.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Knut Sverre Vaksdal
Eivind Vik

Frå Fylkesmannen i Vestland:

Astrid Holte
Kristin Espeset

Øyvind Oland (konsulent)

Frå Haugaland Brann og Redning IKS
Audun Matre

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Etne Containerservice den 12. oktober 2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland og avdekka 1 avvik og ga 0 merknader under inspeksjonen. Haugaland Brann og redning IKS har gjennomført dette som ei synfaring. Aktivitetsrapporten frå Haugaland Brann og Redning IKS går fram av vedlegget til denne rapporten.

Avvik:

1. Internkontrollen har manglar.

Avvik er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Toril Mulen
seniorrådgjevar
Fylkesmannen i Vestland

Kristin Espeset
senioringeniør

Vedlegg: Aktivitetsrapport frå Haugaland Brann og Redning IKS

Kopi til:

HAUGALAND BRANN OG REDNING IKS Diktervegen 8 5538 HAUGESUND
ETNE KOMMUNE Sjoarvegen 2 5590 ETNE

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Etne Containerservice AS	
Organisasjonsnr.: 972227242	Eigd av: 958260563
Bransjenr. (NACE-kode): 38.110 - Innsamling av ikke-farleg avfall	

Kontrollert eining

Namn: Etne Containerservice	Anleggsnr.: 4611.0040.01
Kommune: Etne	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: avfall – mottak, mellomagring og sortering	
Løyve gitt: 02.07.2012	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet er del av ein landsomfattande tilsynsaksjon med brannar i avfallsanlegg. Målet med aksjonen er å redusere brannar og miljøverknadene av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene arbeider forsvarleg med førebyggjande arbeid for å hindre at brann oppstår, og å redusere miljøverknadene om brann oppstår.

Miljødirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) koordinerer aksjonen. Miljødirektoratet og fylkesmannen fører tilsyn med forureiningslova og tilhøyrande forskrifter, medan brann- og redningsvesenet fører tilsyn med krava i brann- og eksplosjonsvernlova og forskriftene om brannførebygging og handtering av farleg stoff. Internkontrollforskrifta er heimla i begge lovene.

Tilsynet er gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Sidan Etne Containerservice AS ikkje er registrert som eit særskilt brannobjekt gjennomførte Haugaland Brann og Redning dette som ei synfaring etter brannregelverket (brann- og eksplosjonsvernlova) § 13 og forskrift om farleg stoff § 23.

Når Etne Containerservice AS blir registrert som særskilt brannobjekt, vil Haugaland Brann- og Redning gjennomføre formelt tilsyn og gi avvik og merknader.

Inspeksjonstema

- Styringssystem, kompetanse og risikoanalysar
- Om avfallsfraksjonane, under dette farleg avfall, vert oppbevart forsvarleg og brannsikkert
- Brannsikkerheit i byggverk, produksjon, transportmiddel eller annan innretning
- Plikt til å unngå forureining og løyve frå Fylkesmannen

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart påvist under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet, miljøstatusen eller det brannførebyggande arbeidet i verksemda.

Avvik frå forureiningsregelverket innan andre tema som vart påvist under synfaringa er også omtalt i rapporten.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Etne Containerservice AS pliktar å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Etne Containerservice AS innan **1. mars 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. Likelydande tilbakemelding skal sendast til både Fylkesmannen i Vestland og Bergen brannvesen.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Kristin Espeset og Haugaland Brann og Redning (postmottak@hbre.no) v/Audun Matre.

Det er ikkje krav om tilbakemelding på aktivitetsrapporten, men dette er ønskeleg.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 23. september 2020. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Etne Containerservice AS betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Internkontrollen har manglar.

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta

- § 5 første ledd punkt 2 om kunnskap
- §5 første ledd punkt 6 om risikovurdering
- §5 andre ledd punkt 7 om rutinar
- §5 andre ledd punkt 8 om systematisk gjennomgang

Kommentar til regelverket:

Kunnskap – Internkontrollforskrifta § 5 første ledd punkt 2.

Verksemda skal sørge for at dei tilsette har tilstrekkeleg kunnskap og ferdigheiter i det systematiske helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet, inkludert om brannfaren knytt til arbeidet i avfallsanlegget, utsleppskrav mv.

Risikovurdering – § 5 andre ledd punkt 6

Verksemda skal kartlegge farar og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal dei lage handlingsplan for å redusere risikoforholda. I handlingsplanen skal det gå fram tiltak, ansvarleg og frist for når tiltaka skal vere gjennomført. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Rutinar – § 5 andre ledd punkt 7

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Rutinane må vere dokumenterte og vere del av internkontrollen. Rutinar skal dokumenterast skriftleg og skal sikre at verksemda følgjer krav i miljøregelverket.

Systematisk gjennomgang - § 5 andre ledd punkt 8

Verksemda skal ha ei systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som tenkt.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Kunnskap – Internkontrollforskrifta § 5 første ledd punkt 2

Dei tilsette har ikkje fått øving i å handtere branntilløp i avfall. Verksemda manglar kunnskap om litiumbatteri og brannfaren ved desse.

Risikovurdering – § 5 andre ledd punkt 6

- Vurdering av brannsikker lagring:

Det er manglar i risikovurderinga som gjeld kartlegging av faren for brann i avfallet. Det manglar og konkrete planar og tiltak for å redusere brannfaren.

Risikovurderinga omfattar ikkje vurdering av brannsikker lagring av avfall vurdert opp mot RISE-rapport 2019:61- Branner i avfallsanlegg. Sentrale kapittel er mellom anna 7.1.3 (avfallsmengder, lagringsareal og lagringshøgde) og 7.1.4 (orden og ryddighet).

I RISE-rapporten finn ein desse tilrådingane som må sjåast på som beste praksis:

- Maks lagringshøgde på 5 m for bulk-lagring og 4 m for blokk/ball-lagring.
- Maks lagringsareal: Inne: < 300 m² med 5 m separasjonsavstand mellom kvart areal. Ute: < 400 m² lagringsareal med 5 m separasjonsavstand.

Det er ikkje gjort vurderingar av kor store mengder det er forsvarleg å lagre ulike stader på anlegget. Når forsvarleg mengde skal vurderast må ein også ta omsyn til dei arbeidsoperasjonane som skal gå føre seg i same område.

Lagring av Litiumbatteri: Verksemda har ikkje gjort ei risikovurdering knytta til handtering og lagring av Litiumbatteri.

På tilsynsdagen blei alle batteri lagra i ein plastbeholdar. Litiumbatteri blei handtert som andre batteri. Litiumbatteri må handsamast særskilt fordi brannfaren er vesentleg høgare enn andre batteri.

- Brannfaren ved utsette funksjonar: Verksemda har ikkje vurderingar knytta til prosessar/funksjonar som det er spesielt høg brannfare knytta til. Dette gjeld for eksempel pressa i sorteringshallen. Sjølv eit lite litium batteri vil når det blir trykt saman i ei presse kunne vere tilstrekkeleg til å skape ein brann.
- Sløkkevatn i resipientar: Etne Containerservice AS har manglar ved risikovurdering og vurdering av konsekvensreducerande tiltak knytta til sløkkevatn ved ein brann. Verksemda ligg 50 meter i frå Etneelva som er nasjonalt laksevassdrag og som i tillegg er verna. Dette er difor ei svært relevant problemstilling.

Verksemda hadde begynt å vurdere moglege oppsamlingsmåtar, men dette var ikkje systematisert eller laga skriftlege planar for. Det var ikkje gjort vurderingar av kor store mengder sløkkevatn verksemda eventuelt må kunne handtere. Dei foreløpige planane involverte også eksterne. Det var ikkje inngått avtaler med desse. Det er også viktig at det blir gjennomført øving på korleis oppsamling av sløkkevatn går føre seg.

Brann i avfallsanlegg må sjåast på som ein pårekeleg risiko der det vil kunne skje utslepp av sløkkevatn/brannskum til miljø. Utslepp av sløkkevatn/brannskum vil bli sett på som akutt forureining jf. F-lov § 7 eller § 38.

- Beredskap og varsling: Behov for varsling av nabogrunneigarar og Statens vegvesen er ikkje vurdert som risikoreducerande tiltak i beredskapsplanen. Verksemda har ein gard som nabo, og tidleg varsling mellom naboane kan redusere faren for spreiding ved brann. Røyk ved ein brann kan nå naboar E134. Statens vegvesen burde varslast tidleg for å redusere konsekvensar ved brann. Dette går ikkje fram av varslingsplanen.

Systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen – § 5 andre ledd punkt 8

Verksemda har ikkje faste møtepunkt der internkontrollen vert gjennomgått. På slike møter må ny kunnskap bli formidla til alle dei tilsette og avvik som er registrert må gås gjennom.

For å gjere jobben med den systematiske gjennomgangen av avvik lettare ville det vore smart å registrere avvika i ulike kategoriar. På den måten vil ein raskare få oversikt, og sjå utvikling og kan vurdere behovet for tiltak.

Rutinar – § 5 andre ledd punkt 7

- Mottakskontroll: Verksemda kunne ikkje legge fram skriftlege rutinar knytta til mottakskontroll under tilsynet.
- Opplæring: Verksemda manglar skriftlege rutinar knytta til opplæring av dei tilsette. Det finst heller ikkje kompetanseplan, eller oversikt over kurs som den einskilde har tatt.

7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forurenningslova
- Avfallsforskrifta
- Forureiningsforskrifta
- Internkontrollforskrifta

Haugaland brann og redning gjennomførte synfaring etter dette regelverket:

- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forskrift om brannførebygging
- Forskrift om farleg stoff